



SU/SMU Bryne ungdomsskule 22-23

Dato: 01.12.2022
Arkiv: K2-B41
Vår ref (saksnr.): 21/4213- 7
Journalpostid.: 22/58945
Dykkar ref.:

Til stades:

Malene Rikstad og Ingrid Tunheim, elevar
Annette Berntsen og Jan Arild Herredsvella, Fau
Brit Wiig, miljøveileidar
Ole Jørgen Alstadsæter og Elsa D Jerstad, Time kommune

Fråver: Kristian Mora, lærar

Referat frå møte i SU og SMU 30.11.2022

Saker i SU:

1. Analyse av grunnskulen, Agenda Kaupang.

Timeskulen har gjekk med meirforbruk på 7,7 millionar i 2021. Det vart då bevilga midlar til å gjera ein grundig analyse av ressursbruken i Timeskulen. Rapporten som var ferdig i september 2022, konkluderte med at Time kommune driv skulen 22 millionar billegare enn kommunar med samanliknbar skulestruktur. Kvaliteten i Timeskulen er veldig god. Rapporten konkluderte med at det er mulig å driva billeg, men at det er svært krevande og sannsynlegvis fører til at grensa blir nådd på eit tidspunkt og då raknar det. Rapporten anbefalte fleire tiltak, blant anna å leggja ned to skular i kommunen eller å auka ressursbruken for skulen. Her på BUS har me merka dette veldig godt, dei to siste åra har me tilsett 2-3 årsverk meir enn me har fått, dette er varsla til Oppvekst og det er gjort for å innfri lovkrav.

2. Nasjonale prøvar

BUS har som mål at prosentdelen elevar som ligg på nivå 1 og 2 på nasjonal prøve i lesing på 9. trinnet skal vera på under 15 % og andelen på nivå 4 og 5 skal vera på over 47%. Inneverande år har me løfta elevane det me skal, med fire skalapoeng, men me har ikkje nådd målet om nivå 1 og 2. 50 % ligg på nivå 4 og 5.

På 8. trinn ligg klassane over nasjonalt nivå i lesing og rekning, og på nasjonalt nivå i engelsk.

Skulen jobbar systematisk med resultata, både på klassenivå og på individnivå. Døme på dette kom fram i møtet.

3. Høyring- skuleruta for 23-24

SU meiner alle skulane må ha same planleggingsdagane. Det er vanskeleg for føresette dersom det er ulikt.

Saker SMU

1. Elevundersøkinga

Denne har me ikkje fått resultata på enda, men me gjekk gjennom indikatorane og snakka om kva med tidlegar har skåra godt og dårleg på. Skulen jobbar med resultata også her systematisk og bruker dei i strategien/Utviklingsplanen vidare. Resultata for 22-23 blir sak på neste møte i SMU.

2. Anti- mobbearbeid

BUS jobbar med Olweusprogrammet og gjekk gjennom aktivitetane me har fast gjennom året. Me jobbar med klassemøter kvar 14. dag, gruppermøter fem gonger i året i personalet og to personalmøter i året der me går gjennom alle prosedyrane. Elles så bruker me metodar som Innsikt og Klassesetrvivsel. Skulen har hatt 6 aktivitetsplanar så langt dette skuleåret. Skulen er avhengige av godt samarbeid frå føresette i dette arbeidet.

3. Miljøtiltak

Skulen jobbar med det relasjonsbygging og inkludering i alle fag, men har også nokre ekstra aktivitetar gjennom året. Nokre av desse er : mykje teambuilding ved oppstart av nytt skuleår, elevkveldar i regi av klassekontaktane, aktivitetar i frimiuutta, turar, aktivitetar i kantina, ulike turneringar og vinterball. Skulen er oppteken av at fagleg- og sosialt læringsmiljø heng tett saman.

4. Fysisk arbeidsmiljø

BUS har fått eit nytt vindfang ved inngang to. Me hadde store utfordringar og kostnader når det bles mykje og blei gjennomtrekk i hovudinngangen. Dette førte til at dørpumpene blei øydelagde.

Det har vore utfordringar med varmeanlegget også, men produsent frå Danmark kom opp og nå fungerer det bra.

Skulen har stort behov for å få rehabilitert i Kunst og handverksavdelinga. Dette har me meldt inn og eigedom har saka.

På slutten av møtet kom det opp spørsmål om korleis arbeidsmiljøet blant dei tilsette er på skulen. Undersøkingane som me har annakvart år (10-faktor) viser at miljøet er godt. For to veker sidan jobba heile kollegiet med arbeidsmiljølova og kva me kvar enkelt kunne bidra med for å auka trivselen på jobb. Nå i jula har me litt ekstra aktivitetar i personalet også. Det er ikkje stor utskifting av personal hos oss og det er eit godt teikn, sjukefråveret var i tredje kvartal på 1,9%. Nå i siste kvartal har me fleire som har influensa og sjuke barn.

Med helsing

Elsa Djuve Jerstad
rektor

Dette brevet er elektronisk godkjent. Skal du svara på brevet, ønsker me at du gjer det elektronisk via [sikker digital innsending](#).